

Evanger, 25. November 2024

Frå
Teigdalen elveeigarlag, Evanger

Til
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

NVE@nve.no

Tilleggsuttale til REVISJONSDOKUMENT, Dokument nr. 3424085
«Vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk – Eksingedals- og Teigdalsvassdraget»

Teigdalen elveeigarlag (TE) sendte i oktober 2021 uttale til NVE i samband med BKK (no Eviny) sitt revisjonsdokument «Vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk - Eksingedals- og Teigdalsvassdraget». I ettertid har vi opplevd 2 større flaumepisodar i Teigdalsvassdraget. TE ynskjer ut frå erfaring frå desse å levere ein tilleggsuttale for krava vi meiner bør stillast i nye revisjonsvilkår, for på best måte å førebygge mot framtidige skadeflaumar i Teigdalen og på Evanger.

«Atmosfærisk elv» 11.11.22:

Meteorologane melder om at nedbørsfenomenet «ei atmosfærisk elv» vil treffe vestlandet med uvanleg mykje nedbør i løpet av kort tid. Det blir sendt ut gult og seinare oransje farevarsel for regn. Vèrmeldinga slår til, Voladammen står alt nesten full, og det blir overløp både her og ved dam i Fannadalen som drenerer rett i Teigdalselva.

Resultatet blir ekstremflaum i vassdraget der elva stig opp på kort varsel og får ei maks. vassføring på 381 m³/s målt ved Mestad. Store deler av Teigdalen blir satt under vatn. Farlege situasjonar oppstår både for fastbuande og vegfarande som blir ståande «vannfast» langs vegen i dalen. Det blir påført flaumskader på både hus og eigedomar, vegnett og tidlegare etablert elvesikringar. Ikkje berre i Teigdalen, men også på Evanger. Her står vatnet no nesten 30cm høgare enn ved førre flaum i 2014, sjølv om vassføringa i hovudelva «Vosso» denne gongen er lågare enn i 2014. Flaumen kjem brått på utan noko førehandsvarsling eller åtvaring frå Regulant.

«Atmosfærisk elv» 31.10.24:

Meteorologane melder på ny om «atmosfærisk elv» som skal inn over vestlandet, med raudt farevarsel for nedbør og flaum. Varselet slår til og det regnar like mykje som i 2022. Men - denne gongen går det greit. Regulanten har gjort dei nødvendige førebuingar og tappe Voladammen tilstrekkeleg ned før uvèret slår til. Teigdalselva blir ikkje tilført vatn frå Voladammen denne gongen, og vassføringa i elva blir ikkje høgare enn ved ein meir «vanleg» storflaum med maks. vassføring 169 m³/s målt ved Mestad. Ingen kjente farlege situasjonar eller flaumskader i Teigdalen eller på Evanger.

Desse to hendingane, som i utgangspunktet er identiske, viser i praksis kor viktig det er at Regulanten overvakar og tilpassar vasstanden i Voladammen i førekant av slike større nedbørsepisodar. Skillet mellom ordinær storflaum og ekstrem skadeflaum går ved om det blir drenering frå Voladammen eller ikkje. Nedtapping i førekant til fyllingsgrad med tilstrekkeleg sikkerheitsmargin er avhengig av at Regulanten har gode rutinar for overvaking og gjennomføring. Vil tru at det også er god økonomi i å produsere straum under nedtapping i førekant, enn å la vatn renne unytta over damterskel ved ei flaumhending. Nedtappa dam blir fylt opp att med nytt regnvatn.

Vedlikehald av elveløpet :

Så høyrer vi at framtidige flaumhendingar kanskje kan bli endå heftigare enn dei vi har opplevd så langt, med 40% «klimapåslag». Verste senario vil vera kombinasjonen ekstrem nedbør saman med snøsmelting i fjellet. Sjølv med ein nedtappa Voladam som rommar tilsiget ovanfor, kan vassføringa i elva nedstraums bli veldig stor. Det er difor viktig at elveløpet er førebudd på dette, og kan ta imot større vassmengder utan at det oppstår skader på hus og eigedomar. Dette krev kontinuerleg vedlikehald av elveløpet ved for eksempel fjerning av nye og gamle massopphopingar som demmer opp og leiar vatn på avvegar. I tillegg sikring av elvekantar mot erosjon og utgraving. Regulanten må ha rutinar for kontinuerleg overvaking og vedlikhald av elvefarete.

Tilførsel av eksternt vatn?

Evangeranlegget har lang driftstunnell som hentar vatn også frå nabovassdraga via demningar og bekkeinntak. Under flaumen i 2022 har vi forstått at Evanger kraftverk på eit tidspunkt måtte stoppe aggregata p.g.a. problem med drenering av vatn ut i Evangervatnet som hadde uvanleg høg vannstand. Vi er usikre på kva denne nedstenginga av kraftverket førte til med omsyn til vatn som vart tilført driftstunnellen frå bekkeinntaka i nabovassdraga. Vart det ved denne hendinga også tilført Teigdalselva vatn frå nabovassdraga (Eksingedalen, Harkavatn...), vatn som ikkje naturleg har drenering til Teigdalsvassdraget og som her var med på å forsterke skadeflaumen?

Vi har stilt spørsmålet til Regulant utan å få noko svar.

Oppsummert:


Ut frå erfaring med flaumepisodar i Teigdalsvassdraget siste tida ynskjer TE at fylgjande punkt blir innarbeida i dei nye konsesjonsvilkåra for «Evanger kraftverk - Eksingedals- og Teigdalsvassdraget»:

- 1) Regulant må bli pålagt å ha dei nødvendige rutinar for ved flaumepisodar alltid å ha nok kapasitet i Voladammen til å ta imot tilsiget ovanfor, slik at ein unngår drenering av vatn frå Voladam til Teigdalselva under ei flaumhending.
- 2) Regulant må bli pålagt å ha dei nødvendige rutinar for kontinuerleg overvaking og vedlikehald av elveløpet i Teigdalselva, slik at den er førebudd på å kunna ta imot stor vassføring utan at det oppstår skader på bygningar og eigedomar langs elva. Dette vil vera tiltak som fjerning av massar i elva og plastring av elvekantar m.m.
- 3) Regulant må bli pålagt at Anlegget er slik rigga at all vanntilførsel til Teigdalselva frå andre vassdrag kan stengast av ved behov.

- 4) Regulant må bli pålagt rutine for i førekant av ein potensiell flaumepisode, å informere om status og forventa forløp i Teigdalsvassdraget, slik at Herad og innbyggjarar kan innrette seg etter dette.

Evanger, 25.11.24

Med helsing



Heine Mestad
formann Teigdalen Elveeigarlag